NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09



| Direkte | Telefon | e-post |
|---|---|---|
| Ole Johan Ingebrigtsen | 56 37 56 90 | liolin@lindas.kommune.no |
| Frode Langeland | 56 37 56 91 | lifrla@lindas.kommune.no |
| Gjert Holtan | 56 37 56 88 | hogj@lindas.kommune.no |
| Ann-Therese Strønen | 56 37 56 94 | Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no |



Meland Sjukeheim
Randi Rotevatn Minde
5918 FREKHAUG

Kopi Teknisk etat

| Dykkar ref: | Vår ref: | Saksbehandlar: | 18.11.2015 |
|---|---|---|---|
| | 2015\16 | Langeland Frode | |

# Tilsynsrapport Meland Sjukeheim (gamle delen)

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 18.11.2015 i Meland Sjukeheim .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 26. juni 2002 nr 847 (førebyggjandeforskrifta) § 6–2.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i førebyggjandeforskrifta og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

| | |
|---|---|
| Brannvernleiar: | Randi Rotevatn Minde. |
| Ass brannvernleiar: | Linda Abrahamsen. |
| | |
| Opplæringsansvarleg: | Øyvind Boge. |
| Vaktmeister: | Olaf Skår. |
| | Øyvind Buen. |
| | |
| For eigar: | Ronny Landaas. |
| For brannvesenet: | Frode Langeland. |

**Innleiing**
Føremålet med tilsynet var å vurdera om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann jf. FOBTOT § 2-1.

NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

| Direkte | Telefon | e-post |
| --- | --- | --- |
| Ole Johan Ingebrigtsen | 56 37 56 90 | liolin@lindas.kommune.no |
| Frode Langeland | 56 37 56 91 | lifrla@lindas.kommune.no |
| Gjert Holtan | 56 37 56 88 | hogj@lindas.kommune.no |
| Ann-Therese Strønen | 56 37 56 94 | Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no |


Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebygging av brann.
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats.
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet.
- at vedlikehaldsrutinane vert utført.

**Omfang**
Tilsynet vart innleia med gjennomgang av siste tilsynsrapport. Det vart ikkje gjennomført kontroll av den branntekniske dokumentasjonen. Dokumentasjonen har tidlegare vorte kontrollert, utan at det vart funne avvik. Det er utarbeid eit godt forankra eigenkontrollsystem ved sjukeheimen basert på risikovurdering.
Det er og innført gode rutinar for eigenkontroll som er dokumentert, dette gjeld rutinar for ettersyn og vedlikehald/brannvernrundar, og øving av personale.

Etter tilsynet i 2013 vart det gjeve moglegheit for at eigar/verksemda sjølve kunne gjennomføra eige tilsyn, i form av innlevering av eigenmeldingsskjema. Dette har tilsynsmyndigheten motteke.

Moglegheita for å vidareføra ordninga fall bort i 2014 i forbindelse med utvidinga av sjukeheimen. Til orientering kan nemnast at forutsetinga for å kunna nytta ordninga med eigenmelding, er at det ikkje er gjort vesentlege bygningsmessige endringar/ombygging og/eller bruksendring.

Ettersom dette arbeidet er ferdigstilt kan dykk som eigar/brukar levera eigenmeldingsskjema for 2016.

**Tilsyn 2015.**
Tilsynet vart gjennomført som tematilsyn vedkommande funksjonskontroll av branndørar, samt kontroll av rømmingsvegane i den gamle delen ved sjukeheimen.

**Avvik :**
Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

- Krava til brannteknisk utforming og utstyr i bygget er ikkje oppfylt
  Avvik frå Førebyggjande forskrifta § 2-1

**Kommentar:**
Det vart funne **avvik** vedkommande manglande dørtersklar og slepelister på dørene til brukarromma (9 stk) i avd B. Dørterskelen er teken bort for å letta adkomst til rommet der brukar er avhengig av eksempelvis gåstol/rullestol. Dør i branncellebegrensande bygningsdel må normalt væra utført med terskel, slik at faren for røyk og brannspreiing vert redusert.
Ved tidlegare tilsyn har dette vore registrert, i attendemelding frå brukar/eigar er det er det skissert ei tilfredstillande løysing for å lukka dette avviket. Arbeidet med og utbetra avviket er komen i gong, men er ikkje ferdigstilt.

NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09


| Direkte | Telefon | e-post |
|---|---|---|
| Ole Johan Ingebrigtsen | 56 37 56 90 | liolin@lindas.kommune.no |
| Frode Langeland | 56 37 56 91 | lifrla@lindas.kommune.no |
| Gjert Holtan | 56 37 56 88 | hogj@lindas.kommune.no |
| Ann-Therese Strønen | 56 37 56 94 | Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no |


**Definisjonar:**
**AVVIK:**
Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

**MERKNAD:**
Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**KOMMENTARAR:**
Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

**Merknader:**
Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:
- Ladar til rullestol – kan monterast på vegg.
- Dører i nyedelen kan med fordel justerast. (lukkar og opnar med stor kraft)
- Dør i vaskerom må haldast lukka når vaskemaskina vert nytta (eigen branncelle). Alternativt kan ein vurdera å montere magnethaldar.

**Til orientering:**

**Eigenmelding**
I Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §6-2, er det opna for at tilsyn kan erstattast med innlevering av eigenmeldingskjema frå dykk som objekteigar/brukar. Forutsetjinga for å kunna nytta eigenmelding er at tilsynsrapporten frå siste utførte tilsyn er utan avvik. At internkontrollsystemet på brannvernområdet fungerer som forutsatt og at det ikkje har oppstått andre forhold som endrar brannrisikoforholda i objektet, slik som større endringar/ombygging eller bruksendring.

Ettersom dykkar verksemd innfrir forutsetjingane som nemnd ovanfor, vil ordinært tilsyn frå tilsynsmyndigheten (NGIB) no verte erstatta ved at dykk som objekteigar/brukar sjølve får anledning til å gjennomføra tilsyn, i form av utfylling av vedlagt eigenmeldingsskjema .
**Tilsynet skal gjennomførast i løpet av september månad med innleveringsfrist innan utløpet av oktober månad 2016.**
Til orientering kan nemnast at eigenmelding er like forpliktande som eit ordinært tilsyn.

Eigenmeldingsskjemaet omhandlar moment i henhald til førebyggjande forskrifta og HMS forskrifta vedkommande organisatoriske,tekniske og beredskapsmessige tiltak som brukar/verksemda etter lova skal ha dokumentert, og som skal vedlikehaldast.
Brannvesenet anbefaler at ansvarleg person for verksemda og verneombod samarbeider om utfyllinga av skjemaet. Det er brannvernleiar ved verksemda som er ansvarleg for gjennomføring og innlevering av skjemaet, utfyllt skjema vert å returnera til **Dokumentsenteret Lindås kommune**.

NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09



| Direkte | Telefon | e-post |
|---|---|---|
| Ole Johan Ingebrigtsen | 56 37 56 90 | liolin@lindas.kommune.no |
| Frode Langeland | 56 37 56 91 | lifrla@lindas.kommune.no |
| Gjert Holtan | 56 37 56 88 | hogj@lindas.kommune.no |
| Ann-Therese Strønen | 56 37 56 94 | Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no |



Objekteigar og brukar som får tilbod om å nytta eigenmelding må sjåast på som ei positiv kvittering frå brannvesenet om at brannsikkerheten og det brannførebyggjande arbeidet i verksemda vert godt ivareteke, og at det ikkje er naudsynt med like tett oppfølgjing frå brannvesenet som eit ordinært tilsyn forutsetjer.

Er det spørsmål kring utfyllinga av skjemaet, kan desse rettast til avdelinga.

**Oppsummering/avsluttande møte**
Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.
Det var einigheit om at eigar/verksamd/brukar finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

**Attendemelding**
Med tilvising til førebyggjandeforskrifta § 6–2 første ledd, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik/merknader vil verta retta.
Framdriftsplan skal sendast innan **11.01.2016** til:

**NGIB Førebyggjande avdeling**
**Dokumentsenteret**
**Kvernhusmyrane 20**
**5914 ISDALSTØ**

Med helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling**

**NGIB**

Frode Langeland
Branninspektør

**Brannsjef**

**i**

**Lindås og Meland kommunar**

Karl Johannes Romarheim